

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/16	Formannskapet	PS	17.03.2016
046/16	Formannskapet	PS	05.04.2016
042/16	Kommunestyret	PS	14.04.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Birger Andersen	FE - 212	16/215

Rapporteringsrutiner økonomi

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyret vedtek rapporteringsrutinene økonomi:

1. Rapportering vert gitt 7 ganger i året, etter dei datoar som er sett opp i møteplanen dette året og dei neste åra. Dette innebær at normal budsjettoppfølging (driftsrapport og månadsrapport) og likviditet vert presentert 5 ganger i året. I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapport. Rådmannen føreslår å avvikla balanserapportering, for den gir inga meining gjennom driftsåret.
2. Dersom viktige og kritiske hendingar oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

Formannskapet - 036/16 - 17.03.2016

FS - behandling:

Framlegg frå ordføraren:

Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Saka vart utsatt.

Formannskapet - 046/16 - 05.04.2016

FS - behandling:

Framlegg frå Jorund Stellberg:

1. Økonomisk rapportering vert gjeve på kvart formannskapsmøte etter vedteken møteplan for året. Standard rapporteringsdokument etter kommunelov og forskrift, skal leggjast fram og det omfattar:

- Budsjettskjema 1A, Driftsbudsjettet,
- Budsjettskjema 2A, Inversteringsbudsjett
- Balanse

I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapportering

2. Dersom viktige og kritiske hendingar oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og Jorund Stellberg sitt framlegg fekk 2 røyster. (H og V)

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyret godkjenner fylgjande rapporteringsrutine for økonomi:

1. Rapportering vert gitt 7 gonger i året, etter dei datoar som er sett opp i møteplanen dette året og dei neste åra. Dette innebær at normal budsjettoppfølging (driftsrapport og månadsrapport) og likviditet vert presentert 5 gonger i året. I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapport. Rådmannen føreslår å avvikla balanserapportering, for den gir inga mening gjennom driftsåret.
2. Dersom viktige og kritiske hendingar oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

Kommunestyret - 042/16 - 14.04.2016

KS - behandling:

Framlegg frå H v/ Jorund Stellberg:

Austrheim kommunestyret vedtek fylgjande rapporteringsrutinar for økonomi:

1. Økonomisk rapportering vert gjeve på kvart formannskapsmøte etter vedteken møteplan for året. Standard rapporteringsdokument etter kommunelov og forskrift, skal leggjast fram og det omfattar:

- Budsjettskjema 1A, Driftsbudsjettet,
- Budsjettskjema 2A, Investeringsbudsjettet
- Balanse

I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapportering.

2. Dersom viktige og kritiske hendingar oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

Formannskapet si tilråding fekk 11 røyster og framlegget frå H/ Jorund Stellberg fekk 6 røyster.(H og V)

KS - vedtak:

Austrheim kommunestyret vedtek rapporteringsrutinene økonomi:

1. Rapportering vert gitt 7 ganger i året, etter dei datoar som er sett opp i møteplanen dette året og dei neste åra. Dette innebær at normal budsjettoppfølging (driftsrapport og månadsrapport) og likviditet vert presentert 5 ganger i året. I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapport. Rådmannen føreslår å avvikla balanserapportering, for den gir inga meining gjennom driftsåret.
2. Dersom viktige og kritiske hendingar oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

Saksopplysninger:

Rapporteringsrutinar

Viser til vedtak i kommunestyret 19.12. 2012 og seinare samtalar i formannskapet om kva type rapportar rådmannen skal presentere i formannskapet på rekneskaps- og økonomiområdet

Det har også vore diskutert i formannskapet kor ofte slike rapportar skal presenterast. Det ser ut som om at normal praksis er at store kommunar har månadlege rapportar, medan små kommunar rapporterer annan kvar månad.

Når det gjeld rekneskapsrapportering i Austrheim kommune dei siste åra, har praksis vore at følgjande rapportar er blitt presentert i formannskapet:

- månedsrapport med kommentarer til total og avdelingsregnskap
- likviditetsoversikt
- driftsrekneskap og balanse.
- I tillegg er tertialrapport 1 og 2 vorte lagt fram både for formannskapet og kommunestyret

Når det gjeld månadsrapportane, er ikkje desse rapportane blitt sendt ut 1 veke på førehand til formannskapet, men har vorte levert direkte ut i møtet. Grunnen til dette er at tala i rapportane skulle vere så «ferske» som mogleg og at formannskapet på denne måten skulle være heilt oppdaterte om den økonomiske situasjonen i Austrheim kommune.

Etter at rapportane har vore pesentert i formannskapet, er dei vorte arkivert i Fokus som vedlegg i saka.

For 2016 er rutinen vorte forandra ved at månadsrapportane skal sendast ut 14 dager før formannskapet har møte. Dette medfører at formannskapet får «gamal» informasjon i forhold til

tidlegare rutinar.

Rådmannen føreslår endringar i rapporteringsrutinen.

1. Rapportering vert gitt 7 ganger i året, etter dei datoar som er sett opp i møteplanen dette året og dei neste åra. Dette innebær at normal budsjettoppfølging (driftsrapport og månadsrapport) og likviditet vert presentert 5 ganger i året. I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapport. Rådmannen føreslår å avvikla balanserapportering, for den gir inga meining gjennom driftsåret.
2. Dersom viktige og kritiske hendingar oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.